

Velkommen til Fjaler sjukeheim



Om Fjaler sjukeheim

Fjaler sjukeheim ligg sentralt til i Dale, med fin utsikt mot Dalsfjorden og fleire skjerma hageområde knytt til dei ulike avdelingane.

Fjaler sjukeheim har totalt 35 plassar fordelt på 3 avdelingar:

- Rehabiliteringsavdeling
- Langtidsavdeling
- Skjerma eining

Sjukeheimen har òg 5 rehabiliteringshyblar.

Fjaler sjukeheim er ein medisinsk-fagleg leia institusjon der bebuarane treng medisinsk pleie og behandling der sjukehusopphald ikkje er naudsynt.

Sjukeheimen er m.a. underlagt helse og omsorgstenestelova og forskrift om sjukeheim og buform for heildøgns omsorg og pleie.

Dagsenter

Dagsenteret vårt er hjartet i huset. Her føregår det mange kjekke og varierte aktivitetar for bebuarane på sjukeheimen og for heimebuande som kjem på dagopphald. Dagsenteret er bemanna med eigen aktivitør. Planlagde aktivitetar heng til oppslag i avdeling.

Måltid

Sjukeheimen har eige institusjonskjøkken, og det vert lagt til rette for individuelt tilpassa kosthald ved allergi eller behov for spesielle diettar.

Tider det er godt å vite om:

Frukost	kl. 08.30
Lunsj	kl. 12.30
Middag	kl. 15.45
Kvelds	kl. 19.00
Seinkvelds	

Det er høve til ekstra måltid ved behov.

Middagsmeny heng til oppslag i avdeling

Tilbod på sjukeheimen

- Tilsynslege ein gong i veka
- Fysioterapi/ergoterapi er eit tilbod til dei som treng det
- Dagsenter med aktivitetar/underhaldning
- Andakt kvar 14. dag, sjå oppslag i avdeling
- Frisør/fotterapeut kan bestillast ved behov, dette må pasient/pårørande sjølv ordne. Eigenbetaling.

Pårørande

Når du kjem til sjukeheimen ynskjer vi beskjed om kven som er din næraste pårørande, og som kan vere kontaktperson vidare. Det er du sjølv som avgjer kva informasjon som skal gå vidare, personalet har teieplikt.

Praktiske oppgåver vi oppmodar og ynskjer pårørande kan ta ansvar for:

- Merke pasienten sine kle/utstyr
- Sjå til at bebuaren har det ein treng av toalettsaker, klede og sko
- Følgje til undersøkingar utanfor sjukeheimen
- Sjukeheimen vaskar privat tøy. Klede ein er spesielt redd for (og som skal handvaskast), bør vaskast av pårørande
- Pårørande eller verje må hjelpe bebuaren med privatøkonomi og omadressering av post

Vil du vere med å hjelpe til?

Vil du vere frivillig og hjelpe til under aktivitetar og arrangement eller med i støttelaget, så ta kontakt med aktivitetøren vår.

Oppbevaring av pengar og verdisaker

Sjukeheimen har ikkje ansvar for pengar, smykker, verdipapir og liknande som ikkje er innelåst. De må difor ved ankomst sjølv syte for å gje personalet beskjed dersom de vil ha pengar eller verdisaker låst inn.

Trådløst nett:

Wi-Fi: Publikum

Passord: wlansys09

Velferdsteknologi

Sjukeheimen har ulike velferdsteknologiske løysingar for at bebuar skal kjenne seg trygg og sjølvstendig. Døme kan vere tryggleiksalarm, dørsensor, rørslesensor, søvnmonitorering eller GPS. Bruk av velferdsteknologi vert avklara med bebuar og evt. pårørande før bruk, og er ein del av tilbodet under opphaldet.

Eigenbetaling

Pris for korttidsopphald vert justert årleg, viser til satsar på heimesida til Fjaler kommune. Dersom opphaldet overstig 60 døgn i kalenderåret, vert det rekna eigenbetaling etter Forskrift om eigenandel for kommunale helse- og omsorgstenester. Opplysningar om type opphald og betaling går fram i eige vedtaksbrev.

Reiseutgifter

Pasientar på korttidsopphald må dekkje reiseutgifter sjølv, dette gjeld ved timar på sjukehus, tannlege og til/frå heimen.


Kontakt oss:

Fjaler sjukeheim telefon 57 73 80 90

Telefon til avdelingane er stengt mellom kl. 08:00 og 10:00

Besøksadresse

Fjaler sjukeheim
Dalsvegen 81
6963 Dale I Sunnfjord



Skann QR-koden for
meir informasjon

*Å vere på institusjon er ikkje det same som å bu heime,
vi håpar likevel du vil finne deg til rette.*

